



Referansar:

Arkivsak: 16/2732 - 13 (16/37101)

Saksdokumenter:

Tittel	Dok. ID
Avtale med Ernst & Young AS	1532263

Val av ekstern revisor

Samandrag

Frå 1. januar 2017 overdreg Staten den delen av kyrkja som i dag er statleg sektor til rettssubjektet Den norske kyrkje. Rettssubjektet Den norske kyrkja får då ikkje høve til å nytte statlege tenester som i dag er kostnadsfrie. Revisjon frå Riksrevisjonen er eitt døme. Som ein del av verksemdsoverdraginga har Kyrkjerådet utlyst konkurranse om avtale med ekstern revisor. Svarfrist var 1. september 2016, og i alt syv leverandørar leverte tilbod basert på fire vurderingskriterie: pris/honorar, kapasitet og kompetanse, erfaringar frå revisjon av liknande verksemder og revisjonsutføring.

Tilboda blei grundig evaluerte og berekna i samsvar med kriteria. Kyrkjerådet har brukt ekstern juridisk kompetanse for å sikre berekningane og at konkurranseregelverket blei følgd.

Ernst & Young var den leverandøren som oppnådde flest poeng i konkurransen. Dei hadde det mest fordelaktige tilbodet og vart tildelt oppdraget.

Kyrkjemøtet 2016 fatta vedtak i sak 14/16 om at avtalen med ny ekstern revisor skulle leggas fram for Kyrkjemøtet for endeleg godkjenning.

Avtala er vedlagt.

Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet rår til at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet godkjenner Kyrkjerådet si avtale med ekstern revisor ved firmaet Ernst & Young.

Saksorientering

I Kyrkjemøtet under behandlinga av sak 14/16 om etablering av nytt kontrollorgan for Kyrkjemøtet, blei det vedteke at:

«Kirkemøtet gir Kirkerådet fullmakt til å inngå avtale med revisor om revisjon av Den norske kirkes regnskaper for inntil de fire første regnskapsårene. Fullmakten og derfor også avtalen er betinget av at Den norske kirke fra 2017 blir etablert som eget rettssubjekt. Avtalen forelegges Kirkemøtet for godkjenning i 2017.»

Kyrkjerådet lyste i juli 2016 ut konkurransen om rammeavtale for revisjonstenester på Doffin med frist for å levere tilbud 1. september 2016. I alt 7 leverandører leverte tilbud baserte på dei fire kriteria i konkurransegrunnlaget som var (1) pris/honorar, (2) kapasitet og kompetanse, (3) erfaring frå revisjon av liknande verksemder og (4) revisjonsutføring.

Tilboda blei grundig evaluerte og berekna jamfør vektinga av kriteria:

1. Honorar 40 %
2. Kapasitet og kompetanse 30 %
3. Erfaring frå liknande verksemder 10 %
4. Revisjonsutføring 20 %

Kyrkjerådet brukte også ekstern juridisk kompetanse for å sikre berekningane og at konkurransereglane blei følgde.

Ernst & Young var den leverandøren som oppnådde flest poeng i konkurransen. Dei hadde det mest fordelaktige tilbudet og vart tildelt oppdraget med ein kontrakt for tre år med opsjon for eit års forlengelse.

Ernst & Young hadde lav pris på årsrevisjon og har solid røynsle frå arbeid med omstilling i statleg sektor og verksemdsoverdraging. Dei har satt saman ei stor og kompetent gruppe revisorar som skal arbeide med Den norske kyrkje, og har også solide referansar frå organisasjonar som Sjømannskyrkja, Den norske turistforeining og LO.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Kostanden for ekstern revisjon er nye kostnadar frå 2017. Kostnaden er sett saman av revisjonshonorar og rådgjevingstenester. Kostandene er innarbeida i budsjettet for 2017 på rettssubjektnivå og er på om lag 700.000 for 2017.